



## MØTEBOK

### Gebyrregulativ for 2022 - Bygge-, delings-, og plansaker

Utval sak	Utval	Møtedato
87/21	Utval for plan og miljø	16.11.2021
79/21	Kommunestyret	08.12.2021

#### Vedlegg:

- 1 Forslag gebyr for 2022
- 2 Gebyr for 2021

#### Bakgrunn:

Kommunestyret har vedteke at Plan- og utvikling skal nå sjølkost innan 2022. I økonomiplanen er det i utgangspunktet for låg sjølvkostgrad for plan- og byggesak. Kommunen sin stramme økonomiske situasjon gjer at vi må betra balansen i sjølvkostområda. Me har difor gjort nokre endringar i ein del betalingsatsar, som de finn i oversikta under.

Med desse endringane er det antatt at ein aukar inntektene for 2022 omlag i tråd med løns og prisveksten, og at ein kan oppnå sjølvkost for plan- og byggesak i tråd med økonomiplanen.

Utval for plan- og miljø stilte i møte 17.11.2020 under handsaming av gebyrregulativet for 2021 spørsmål om bruken av M i staden for eit beløp, og bad administrasjonen vurdera dette til gebyrregulativet for 2022. Dette avdi det vil kunna vera vanskeleg for innbyggjarane å forstå storleiken av gebyr i dei enkelte sakstypane.

Adminstrasjonen har gjennom budsjettarbeidet for 2022 gjort vurderingar omkring dette. Vi finn det hensiktsmessig å fortsetja med **M**, også av di det vil forenkla den årlege revisjonen av gebyret i gebyrregulativet. Det vil vera svært tidkrevande å endra 165 beløp kvart år i staden for eit beløp. Som eit tiltak for å imøtekoma bestillinga vil avdelinga utarbeida ein oversikt over utrekna gebyr som supplement til gebyrregulativet som kan publiseras på nettstaden til kommunen, og som enkelt kan oppdaterast ved endringar.

**Endringar/nye pkt. i gebyrregulativet er merka med rødt.**

**Pkt. som går ut er merka med ~~rødt~~.**

#### Oversikt over endringar:

Det er føreteke nokre verbale endringar, samt retting, presisering og forenkling av noko av teksten.

#### Den generelle satsen

Me har i forslag til budsjett heva dei generelle gebyrsatsane med 3,03 % i tråd med deflator. Me aukar M frå kr. 3.300,- til kr. 3.400,-.

På grunn av innføringa av eByggesak frå januar 2022 vil alle søknader også bli ilagt eit grunngebyr på kr 850,-. Me innfører eByggesak i samarbeid med og samstundes med Stord, Bømlo og Kvinnherad, som også innfører om lag tilsvarande gebyr.

#### Dispensasjon for flytebrygger:

Dispensasjon frå byggeforbodet i strandsona PBL §1-8 for utlegging av flytebrygger vert redusert frå 9M til 4M.

#### Næringsbygg, institusjonsbygg, publikumsbygg, brakkerigg o.l.:

Lagt til gebyr for tilbygg denne type bygningar då det mangla i regulativet.  
§3.3 Tilbygg/påbygg inntil 100 m<sup>2</sup> 5M, Etter dette pr påbegynt 250 m<sup>2</sup> 3M

#### Tilbygg garasje, carport og uthus:

Lagt til då det mangla i regulativet.  
§3.6.3 Tilbygg/påbygg pr. 40 m<sup>2</sup> 3M

#### Fasadeendring:

Redusert gebyr for §3.10.1 Søknadspliktig fasadeendring som ikkje utløyer krav til nabovarsling 1M

#### Terrenginngrep/utfylling:

Skilje mellom terrenginngrep bustad-/fritidstomter og næringsareal då skilnad i omfang kan vera svært store. §5.15 Beheld 5M for terrenginngrep for bustad-/fritidsbustad-tomter og innfører 12M for terrenginngrep næringstomter.

#### Oppretting av grunneigedom:

§4.01 Beheld gebyret 2M for grensejustering etter PBL, medan gebyr for grensejustering etter matrikkellova fell bort.

§4.02 Innfører gebyr pr mottakande parsell 3M.

#### Digitale karttdata:

§6.4 utgår då profesjonelle aktørar leverer dette, og kommunen ikkje har kapasitet til denne tenesten.

#### Kart og eigedomsoppgåver:

Utgår då dette oftast vert henta ut av søkjarar sjølv eller utført av private tilbydarar.

#### Reguleringsplanar:

Tydeleggjer kva dato gebyret skal reknast for.  
Aukar gebyr for nabolister frå 0,5M til 1M då reguleringsplanar kan omfatte svært mange grunneigarar og naboar.

#### Hamne- og farvasslova:

§10. Innfører 1M uansett i staden for eit grunngbyr på 0,5M og så etter medgått tid i tillegg. I praksis vert gebyret alltid 1M uansett.

### **Framlegg til vedtak:**

Utval for plan og miljø rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2022.

## **Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 16.11.2021**

### **Behandling:**

Avdelingsleiar plan og utvikling, Øystein Sørli orienterte om foreslåtte endringar i gebyret. Utvalsmedlemene drøfta framlegget og kom med slikt framlegg:

Fitjar kommunestyre vedtek framlegg til gebyrregulativ, med følgjande endringar.

1. M forblir uendra på 3300.
2. Til kap 2 - Dispensasjonar - Nytt pkt 2.1.6. Søknad om dispensasjon for å bu fast i fritidsbustad blir satt til 1 M.
3. Til kap 3 - Byggjesaker - Nytt punkt 3.13.1 Driftsbygninger frå 0-100 m<sup>2</sup> blir satt til 2M

4. Gebyrregulativet blir oppgitt i M og i sum.

**Røysting:**

Pkt 1 - Fall med 3 (AP og KRF) mot 2 røyster (SP og H)

Pkt 2 - Vedteke med 3 (H og KRF) mot 2 (AP og SP)

Pkt 3 - Samrøystes vedteke

Pkt 4 - Samrøystes vedteke

**Vedtak:**

Tilråding til kommunestyret

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2022 med fylgjande endringar:

Til kap 2 - Dispensasjonar - Nytt pkt 2.1.6. Søknad om dispensasjon for å bu fast i fritidsbustad blir satt til 1 M.

Til kap 3 - Byggjesaker - Nytt punkt 3.13.1 Driftsbygninger frå 0-100 m2 blir satt til 2M  
Gebyrregulativet blir oppgitt i M og i sum.

**Saksprotokoll i Kommunestyret - 08.12.2021**

**Behandling:**

Kommunestyret drøfta saka.

Representanten Sigurd André Maraas (FRP) la føre følgjande framlegg til tillegg:  
Gebyrregulativet vert gjennomgått i h.h.t. gjeldande regelverk før iverksetjing.

Det vart først røysta over rådmannen sitt framlegg til vedtak. Dette vart samrøystes vedteke.

Deretter vart det røysta over framlegg til tillegg frå representanten Maraas (FRP). Dette vart samrøystes vedteke.

**Vedtak:**

Fitjar kommunestyre vedtek framlagt gebyrregulativ gjeldande frå 01.01.2022 med fylgjande endringar:

Til kap 2 - Dispensasjonar - Nytt pkt 2.1.6. Søknad om dispensasjon for å bu fast i fritidsbustad blir satt til 1 M.

Til kap 3 - Byggjesaker - Nytt punkt 3.13.1 Driftsbygninger frå 0-100 m2 blir satt til 2M  
Gebyrregulativet blir oppgitt i M og i sum.

Gebyrregulativet vert gjennomgått i h.h.t. gjeldande regelverk før iverksetjing

Svein Dale Soleng

Konst. rådmann

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*